













PAKKING AV GJENSTANDAR I ESKE FOR FRYSING

Bruk alltid hanskar ved handtering av gjenstandar. Løft tunge gjenstandar ved å ta tak under eller lavt nede på gjenstanden, ikkje løft ved å ta tak i toppen av gjenstanden. Ver alltid minst to personar når tunge gjenstandar skal handterast.

 <p>Silkepapir og Tyvek</p>	
<p>Pakk gjenstanden med silkepapir mellom laga og støtt opp med silkepairpølsar i alle foldar. Pass på at eska passar til gjenstanden, unngå brettar så mykje som mogleg.</p>	<p>Dekk til gjenstanden heilt med silkepapir og Tyvek. Dersom du legg fleire gjenstandar i samme eske, legg den tyngste gjenstanden nederst. Unngå å blande ulike materialtypar i same eske, pakk t. d. ikkje tekstilar saman med metallgjenstandar.</p>
	
<p>Dersom du har fleire esker, plasser størst/tyngst nederst.</p>	<p>Brett og rull saman plasten for å oppnå ei tettast mogleg forsegling.</p>
	
<p>Bruk tilstrekkeleg med pakketeip, slik at alle opningar er tett forseгла. Merk eska tydeleg med namnet på museet, gjenstandsnummer og datoen den blei pakka. Skriv gjerne på fleire sider, og bruk vannfast tusj.</p>	<p>Fest kvart kulli på ein palle ved hjelp av stroppar, og la dei stå på pallen under fryseprosessen.</p>

PAKKING AV STORE GJENSTANDAR FOR FRYSING

	
<p>Før pakking: støtt opp rundt svake/skada delar, for å unngå skader under transport.</p>	<p>Dekk til gjenstanden med silkepapir eller anna mjukt, reint, absorberande materiale. Ikkje bruk teip for å feste dette laget.</p>
	
<p>Fyll opp mellomromma i gjenstanden med silkepapir, for å fjerne så mykje luft som mogleg frå pakken. Silkepapiret fungerer som ein buffer mot svingningar i relativ fuktighet.</p>	<p>Brett og forsegl opningane i plasten. Det er viktig at det blir så lufttett som mogleg. Pass på at teipen ikkje festar seg til gjenstanden!</p>
	
<p>Skriv med vannfast tusj, namnet på museet, gjenstandsnummer og datoen den blei pakka.</p>	<p>Stropp gjenstanden till ein palle for transport og la den stå på pallen under fryseprosessen.</p>

Dersom du har spørsmål, kontakt oss gjerne for råd og rettleiing.